

Begge laga utslått, men flott innsats.

01.08.2012



Jentene har god grunn til å jubla etter flott innsats. Bildet vart tatt då dei hadde kvalifisert seg til A-sluttspel.

Begge laga som framleis var med i A-sluttspelen, fekk tøff motstand no i kveld. Det enda med tap for begge laga, og dermed er Norway Cup-eventyret over for dei for denne gang. Dei har gjort ein strålende innsats, og har nok fått med seg gode erfaringar, minne og opplevingar frå dagane i hovudstaden. To av laga i B-sluttspelen rauk og ut, så dermed må det heiest på G-15/16-laget dei komande dagane. Dei gjekk vidare til 16.delsfinale i B-sluttspelen. Hans Fredrik G. Zimmer teikna seg på scoringslista i denne kampen.

**G-13: Rosendal - Ullern 1 0-5 (0-3). 16.delsfinale A-sluttspel.**

Gutane møtte eit kjempegodt lag. Dette visste dei og på førehand. Ullern gjekk rett i angrep, og utover i første omgang fekk Rosendal/Uskedal ein leksjon i fotballspelet. Men dei jobba knallhardt, og hindra dermed at dei vart fleire enn 3 mål. Det stod altså 3-0 til Ullern1 ved pause.

Også i andre omgang dominerte Ullern1, og det resulterte i to nye mål. Sluttresultatet vart altså 5-0. Æra for at resultatet vart såpass heiderleg, går først og fremst til keeper Olav Lernes(fetter til Kjetil Berge i Sarpsborg 08). Han hadde mange fantastiske redningar. Han hadde forresten og avgjerande redningar i kampen då laget gjekk vidare tidlegare i dag.

Uskedelingar på laget som har levert denne flotte innsatsen: Sondre S. Myklebust, Karsten A. Haugland, Emil Bakke Berntsen, Martin Y. Røssland, og Ragnvald Myklebust i trenarteamet.

**J-15/16: Rosendal1 - Bergsøy 0-1 (0-1). 16.delsfinale A-sluttspel.**

Jentene møtte eit godt lag som toppar 1.divisjon på Mørekysten. Dei hadde mange hurtige spelarar som var gode i duellspelet. Rosendal sleit i første omgang, og det var derfor fortent at Bergsøy tok leiinga midt i omgangen. Pauseresultatet var 1-0.

Utvøver i 2. omgang kom Rosendal langt meir med i spelet, og dei spela seg til gode sjansar som nær gav scoring. Goalgetter Julie S. Olsen sette mellom anna ballen i stolpen etter hjørnespark i siste spelesekund. Men det ville seg ikkje i denne kampen, og dermed vart det Bergsøy-siger. Slik kampen utvikla seg, kunne resultatet ha gått begge veier, men det er lite å utsetja på at det vart Bergsøy-siger.

Uskedalsjenter på dette laget er: Kari Bråtun, Anne Marte G. Zimmer, Katrine Y. Røssland, Ingebjørg Haugland og Karoline I. Amundsen. Dei kan alle sjå tilbake på flott innsats.

Kampar i B-sluttspel i dag:

J-15/16: Rosendal2 - Kvernbit 0-1 (0-1). 16.delsfinale.

J-14: Rosendal - Gneist2 0-0 (0-0 e.e.o) Tapte på myntkast. 16.delsfinale.

G-15/16: Rosendal - Strømmen2 2-1 (0-0) (Mål: Simon Kortila, Hans Fredik G. Zimmer) 32.delsfinale.

Foto: Privat/Rosendal Turnlag

Tekst: Thor Inge Døssland.